

Sakskart

Norsk kulturskoleråd

Vestland

Styremøte: 2021-03
Tid: 27.05 2021 kl.16:00 – 19:00
Sted: Teams



Drømmestipendvinnere 2021
Vilde Helene Takla, visuell kunst, Ullensvang og Mathias Lind Engelstad, dans, Sunnfjord

Sakliste

2021.01 Godkjenning av innkalling og sakliste	3
2021.02 Godkjenning av referat.....	5
2021.03 Referatsaker	6
2021.04 Eventuelt	9
2021.05 Søknad om økonomisk støtte.....	10
2021.06 Eigenkapital Norsk kulturskoleråd Vestland og bruk	11
2021.07 Årsmøte og årsmøtekonferanse.....	13
2021.08 Politisk arbeid	14
2021.09 Verksemdsplan	15

Tentativ tidsramme	Innhald
16:00 - 16:05	Velkommen ved styreleiar
16:05 - 16:07	Sak 1
16:07 – 16:10	Sak 2
16:10 - 16:20	Sak 3
16:20 - 16:25	Sak 4
16:25 - 16:45	Sak 5
16:45 - 17:15	Sak 6
17:25 - 18:15	Sak 7
18:15 - 18:45	Sak 8
18:50 - 18:55	Sak 9
18:55 - 19:00	Styreleiar oppsummerer

2021.01 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksdokument: Innkalling
Sakliste

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak

Styret godkjenner saka.

Saksutgreiing

Innkalling med praktiske opplysninger vart utsend som kalenderinvitasjon 25.09.2020, og formell innkalling med sakliste i e-post 03.05 2021 i etterkant av AU-møte.

Fylkesstyret:

leiar	Astrid Aarhus Byrknes
nestleiar	Trude Skarvatun
styremedlem	Anita Nordheim
styremedlem	Egil Magnussen
styremedlem	Grete Berntzen
styremedlem	Jan Geir Solheim
styremedlem	Julie Andersland
varamedlem	Siv Sjøtun Høye
varamedlem	Roar Sandnes

Frå administrasjonen:

rådgjevar	Kristin Geiring
-----------	-----------------

Innkalling til styremøte 2021 – 03

Arrangement	Dato/tid	Gjeld	Stad
Styremøte 2021 – 03	Torsdag 27.05 kl.16.00-19.00	Styremøte 03	Teams

Faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå førre møte
Referatsaker med rådgjevar sin rapport og økonomi med rekneskap for kvartalet
Eventuelt

Andre saker

Søknad om økonomisk støtte
Eigenkapital Norsk kulturskoleråd Vestland og bruk
Årsmøte og årsmøtekonferanse
Politisk arbeid
Verksemdsplan

Vel møtt!

Venleg helsing
Kristin Geiring
rådgjevar

2021.02 Godkjenning av referat

Saksdokument: [Protokoll 2021.02](#)

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak

Protokoll styremøte 2021.02 godkjent.

2021.03 Referatsaker

Saksdokument: Vedlegg 1 rådgjevar sin rapport
Vedlegg 2 rekneskap pr 12.05 2021

Framlegg til vedtak

Styret tek saka til orientering.

Vedlegg 1

1.1.1.1.4 Vere synlege i media og løfte fram kulturskulesaker.

- ✚ Kronikk frå direktør er sendt media i Vestland.
- ✚ Lesarinnlegg frå styreleiar i hovudstyret er sendt media i Vestland.
- ✚ Informasjon om nominerte og drømmestipendvinnarar i Vestland er sendt media.

1.1.1.1.5 Organisere møtepunkt med politikarar på kommune-, fylkes- og nasjonalt nivå

- ✚ Relevant for dette punktet å sjå sakskart og protokoll frå hovudstyremøtet i februar:
Sakskart og protokoll hovudstyremøtet 2021-02

1.2.1.1 Legge til rette for nettverksbygging mellom leiarar, lærarar og skuleeigarar og legge til rette for ein god delingskultur

- ✚ Seks temamøter for rektorane i møte med styrerepresentantar er avslutta. Innsende svar via Forms-skjema på spørsmål fylkesstyret har stilt, når det gjeldt kva ein skal prioritere å arbeide med, bruk av eigenkapitalen og innhald på årsmøtekonferansen er tatt med i vidare arbeid.
- ✚ Det er gjennomført informasjonsmøte for leiarane i Vestland om kulVFL (kulturskule vurdering for læring). Dette er eit digitalt tilbod frå Kulturskolerådet i samarbeid med Høgskolen i Innlandet for kulturskulekollegiet med lærarar og leiing. Fristen er no gått ut for å søkje om deltaking. Vonleg kjem nytt tilbod hausten 2022.
- ✚ Rådgjevar har saman med andre rådgjevarar satt fokus på GSI nasjonalt i Kulturskolerådet, for å forbetre kunnskap og felles forståing av GSI og tolking av skjema for leiarane. Vonleg vert det tilbod nasjonalt til leiarane innan neste GSI-rapportering hausten 2021.
- ✚ Kommunane Høyanger, Sunnfjord og Ullensvang er tre av dei 16 kommunane i landet, som får ta del i pilotprosjektet «Framtidens kulturskole».

2.1.1.2.2

Arbeide for å gjere PPU innan kulturskulen sitt fagfelt tilgjengelig for kulturskulelærarar.

Organisere møtepunkt med Høgskolen på Vestlandet og andre skular og universitet i vår region, for samhandling om felles saker av interesse.

- ✚ AU (arbeidsutval) fordjuping Vestland har hatt andre møte, der prosjektleiar for det nasjonale arbeidet i kulturskolerådet tok del i starten. Arbeidet vert knytt til landstingsvedtak 2020 og det er igangsett arbeid i Kulturskolerådet for å legge fram strategi og tiltak, som

hovedstyret handsamer i styremøte hausten 2021. Vestland ved rådgjevar tek del i nasjonalt arbeidsutvalg. Spørring er sendt arbeidsutvalet, som dei gjer saman med til sine organisasjonar / institusjonar og melder tilbake på til nasjonal strategigruppe. Namn på arbeidsgruppa vert frå no av Fordjuping – talent Vestland AU.

2.1.1.2.4

Arbeide for fagleg nettverksbygging mellom kulturskulane, skule og barnehage, frivillige lag og organisasjonar.

Dagleg leiar i NMF Hordaland har teke kontakt med rådgjevar i høve vedtak i regiontinget. Regiontinget vedtok planen, som styret i NMF Hordaland la fram for 2021-2022. Under Medlemsutvikling vedtok NMF Hordaland at dei skal arbeide for: «Styrke samarbeidet med alle kulturskulane i regionen – Fokus på korleis drive korps etter korona – kva må kulturskulen og NMF ha fokus på.» Se sak 5 i sakspapirene til regiontinget. NMF Hordaland og Nordvest skal ha møte i mai vedr. dette. Tanken er å utforme ei spørring til kulturskulane i områda, som vert sendt ut i mai / juni.

2.1.3.3.1 Arrangere «De unges festspilldag» i samarbeid med Festspillene i Bergen.

Arrangere «Dei nominerte er» som del av Drømmestipendnominasjonane.

Arbeide med Drømmestipendet:

- ✚ Drømmestipendet, no for aldersgruppa 18-25 år, er ferdigstilt for 2021. Vestland hadde 90 godkjende nominasjonar frå kommunar. Det vert tildelt fem Drømmestipend i Vestland. Sjå prosessen her.
- ✚ Den 4. juni har «De unges festspilldag» festspillforestilling i Grieghallen.

3.1.1.3.1 Gje innspel til høyringar som er relevante for kulturskulen

- ✚ Fylkesavdelinga har i samarbeid med FoU-avdelinga i Kulturskolerådet levert høyringsinnspel til Høgskulen på Vestlandet i høve ny master i kunsthøgskulen.
- ✚ Vestland fylkeskommune skal vedta regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035. Utkastet til planprogrammet har fylkesavdelinga levert høyringsinnspel på.

3.2.1.1.1 Arrangere konferansar og samlingar for medlemskommunane:

- ✚ Kunngjering og innkalling om årsmøte og årsmøtekonferanse to.28. og fr.29. oktober 2021 i Bergen på Grand Hotel Terminus vert sendt før styremøtet. Påmelding på Kulturskolerådet si nettside. Valkomiteén sitt skriv er sendt kommunane i høve framlegg på kandidatar til nytt fylkesstyre. Frist for kommunane til å melde kandidatar er 4. juni.

3.3.1.1.1 Legge til rette for leiarutvikling for kulturskuleleiarar:

- ✚ «Ledelse av prosesser», LAP 1 Vestland, har hatt digital pre-samling 11. mai med gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Anna informasjon:

- ✚ Arbeidet med Barne-og ungdomskulturmelding: Stortingsmeldinga er til behandling og vert truleg lagt fram for Stortinget 7. juni. Sjå prosessen.

Vedlegg 2

Norsk Kulturskoleråd 1. Kvartal 2021	Organisasjonsnr.: 875627422 Utskriftsdato: 12.05.2021		
	Perioden, Januar - Mars		
NOK	2021	2020	Avvik Endring
Salgsinntekter		30 000	- 30 000
Sum driftsinntekter		30 000	- 30 000
Bruttofortjeneste		30 000	- 30 000
Lønnskostnad		500	- 500
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	66	91	- 25 -27,7%
Sum personalkostnader	66	591	- 525 -88,9%
Kostnader lokaler			
Kostnadsførte anskaffelser			
Fremmede tjenester		1 000	- 1 000
Kontorkostnad		887	- 887
Telefon, porto o.l.	453	624	- 171 -27,4%
Kostnad og godtgjørelse for reiser	4 641	13 429	- 8 788 -65,4%
Kontingenter og gaver		400	- 400
Annen kostnad			
Sum driftskostnader	5 094	16 340	- 11 246 -68,8%
Driftsresultat	- 5 160	13 069	- 18 229 -
Resultat før skatt	- 5 160	13 069	- 18 229 -
Årsresultat	- 5 160	13 069	- 18 229 -

Merknad:

Begrepet «salgsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nytter, som vert levert av Visma. Under salgsinntekter ligg driftstilskudd til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskudd motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakerkontingenter frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga.

2021.04 Eventuelt

Saksdokument: Dette dokumentet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Det er inga saker til eventuelt.

2021.05 Søknad om økonomisk støtte

Saksdokument: Dette dokumentet med innkomne søknadar.

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak

Det er inga framlegg til vedtak.

Saksutgreiing

1. Søknad 8.9.2020 frå Bergen kulturskole om økonomisk stønad til arrangering av «PianoFest» oktober 2021 med inviterte kulturskuleelevar og lærarar frå nabokommunar.
2. Søknad mai 2021 «Scenedrøm».

2021.06 Eigenkapital Norsk kulturskoleråd Vestland og bruk

Saksdokument: Dette dokumentet med lenker til [hovedstyremøte 3.12.20](#).

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak

Det er inga framlegg til vedtak.

Saksutgreiing

Sjå saksdokument og sak i Hovedstyret møte 01 den 3.12.2020.

[Sakskart](#). [Protokoll](#).

2020.06 Eigenkapital i Norsk kulturskoleråd

Saksdokumenter: Dette dokument

Vedtak

1. Akkumulert egenkapital fra den enkelte fylkesavdeling, slik den er beskrevet i saksutredningen, er juridisk sett allerede en del av organisasjonens samlede egenkapital.
2. Akkumulert egenkapital fra den enkelte fylkesavdeling skal kunne disponeres av den enkelte fylkesavdeling.
3. Hovedstyret ber om at alle fylkesavdelingene utarbeider en plan for bruken av akkumulert egenkapital innen 1. april 2021.
4. Arbeidsutvalget utarbeider forslag til håndtering av fremtidige over- og underskudd i fylkesavdelingene.
5. Fylkesavdelingene får tilsendt oversikt over egenkapital før 1. januar 2021.

Historikk:

Årsmøte i Norsk kulturskoleråd - Hordaland gjorde i 2019 følgjande vedtak:

[Sak 4.1 Eigenkapitalen i Norsk kulturskoleråd – Hordaland](#)

Styrets framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Norsk kulturskoleråd – Hordaland sluttar seg til å bruke inntil kr 150.000 av eigenkapitalen, som framgår av revidert rekneskap 2018 for avdeling Norsk kulturskoleråd – Hordaland. Beløpet skal brukast til nettverksbygging og tiltak til beste for medlemene og kulturskolane i Norsk kulturskoleråd Vestland. Disponeringen skal skje i tråd med vedtatt verksemdsplan og regionale tiltak for komande periode. Fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland utarbeider plan for bruk av midlane.

Styremøtevedtak 2021.02:

[2021.07 Eigenkapital Norsk kulturskoleråd Vestland og bruk](#)

Saksdokument: Dette dokumentet med lenker til hovedstyremøte 3.12.20.

Vedtak

Plan for prioriterte områder og tidsplan for bruk av akkumulert egenkapital for Norsk kulturskoleråd Vestland vert endeleg vedtatt i mailrunde til fylkesstyret innan 1. april 2021 og sendt hovedstyret.

Fylkesstyret har vedteke framlegg til prioriterte områder og tidsplan for bruk av akkumulert egenkapital for Norsk kulturskoleråd Vestland. Plan vart i høve vedtak sendt hovedstyret innan 1. april 2021.

Styremøtevedtak i mail utført innan 1.4.2021:

PRIORITERTE OMRÅDER

Fylkesstyret vil med bakgrunn i vedtak frå årsmøtet 2019 i Norsk kulturskoleråd – Hordaland og innspel våren 2021 frå medlemene i Vestland fylke, prioritere tiltak til beste for medlemene og vidare utvikling. I høve vedteke strategi 2032, landstingsvedtak hausten 2020 og årsplan for Vestland fylke, som vert lagt fram på årsmøtet hausten 2021, vert det utarbeidd plan for dei prioriterte områda.

Tiltak som er framtidsretta og kan gje synergieffekt etter at EK er brukt, vert vektlagt.

Regionale samarbeid- og samhandlingsprosjekt
Utviklings- og innovasjonstiltak i kulturskulane
Regionale nettverk i Vestland fylke for kulturskuleleiinga
Regionale nettverk i Vestland fylke for lærarane i kulturskulane
Årsmøtekonferanse
Konferanse for kulturskuletilsette
Leiarsamlingar

Fylkesavdelinga er pålagt å nytte eigenkapitalen innan 31.12.2022. Etter det ser hovdestyret på bruk av akkumulert eigenkapital.

Til drøfting:

Fylkesstyret drøfter bruk av EK på bakgrunn av resultat før revisjon, pålagt tidsplan og vedteke prioriterte områder.

2021.07 Årsmøte og årsmøtekonferanse

Saksdokument: Dette dokumentet

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak:

Det er inga framlegg til vedtak.

Saksutgreiing

Fylkesstyret har vedteke at årsmøtet og årsmøtekonferansen i Norsk kulturskoleråd Vestland vert lagt til Bergen, Grand Hotel Terminus to.28-fr.29. oktober 2021 i tråd med [organisasjonens nye vedtekter](#) etter landstinget 2020. Sjå sak 2021.03 pkt.3.2.1.1.1 side 7 i dette dokumentet for status.

Til drøfting:

1. Styrets beretning for siste periode: fordeling av oppgåver og tidsplan.
2. Hovedstyret ser i styremøte 03 den 19. august på saka om årsplan. Jf. vedtektene og hovedstyret:
«- leder virksomheten i fylkeslagene og setter i verk organisasjonenes planverk i samarbeid med administrasjonen. Arbeidet tar utgangspunkt i eget fylke, samtidig som effekten skal være med og forsterke det nasjonale arbeidet.»
3. Tema og tittel, innhald, påmelding og pris. Innspel frå temamøter med rektorar og svar på innhald til konferansen vert teke med i utarbeiding av årsmøtekonferansen.
4. Valkomité for perioden 2021-2023: styret drøfter saka.

2021.08 Politisk arbeid

Saksdokument: [Hovedstyremøte 02](#)

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak

Det er inga framlegg til vedtak.

Saksutgreiing

Følgjande saker vert tatt opp:

- [Meld. St. 18 \(2020-2021\) Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge](#)
- Leserinnlegg frå styreleiar i hovedstyret
- Partiprogram
- Stortingsvalet hausten 2021
- Arendalsuka 2021

2021.09 Verksemdsplan

Saksdokument: Verksemdsplan for perioden med prioriterte områder – tidlegare utsendt.

Sakshandsamar: Kristin Geiring, rådgjevar

Framlegg til vedtak

Saka er tatt til orientering.

Saksutgreiing

I tråd med vedtak er verksemdsplan for perioden fast sak.